

Andre Thoresen  
Øvre Sollien 45  
5096 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2350 - 14/14236

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
12.06.2014

## Trong for tilleggsinformasjon - gbnr 129/74 Titland søndre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.03.2014. Vi beklagar lang sakshandsamingstid.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje sendt inn dokumentasjon som viser kva som er nabovarsla i samband med søknaden. Både dispensasjonar og sjølve tiltaket må nabovarslast.
2. I søknaden må det gå fram storleiken på det som skal byggast.
3. Tiltaket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til område for fritidsbustad. Kai og bryggje ligg ikkje innanfor dette føremålet og krev dispensasjon frå arealføremålet, plankravet (krav om utarbeiding av reguleringsplan) i kommuneplanens punt. 1.1 og frå byggegrensa mot sjø i kommuneplanen. Dispensasjonssøknaden må grunnjevast og nabovarslast, jf. pbl § 19-1.
4. Tiltaket er plassert i grensa mot gbnr 129/52. I søknaden er det vist til at eigar av gbnr 129/52 også skal gjere endringar på sin kai. Det bes om at det vert sendt inn gjensidig avtale på at begge partar kan etablere tiltak inntil 0 meter frå nabogrensa. Når det gjeld eventuelle tiltak på gbnr 129/52, må dette søkast om i eigen sak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 10.07.2014**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Andre Thoresen

Øvre Sollien 45 5096

BERGEN